

☑ **FIL104 H-19 generell informasjon**

Emnekode: FIL 104

Emnenamn: Logikk og argumentasjonslære

Dato: 17. desember 2019

Lengde: 4 timer

Tillatte hjelpemidler: Ingen

Merknader:

Besvar 6 av følgende 8 oppgaver.

Viss du svarer på fleire oppgåver enn 6 oppgåver, vil dette trekka karakteren ned. Kvart tilfredsstillande svar tel like mykje. Når det står «forklar kort» blir det forventa at du bruker frå ca 1 til 7 setningar på å svara på.

Det kjem av og til spørsmål om bruk av eksamenssvar til undervisnings- og læringsformål. Universitetet treng samtykke frå kandidaten for at eksamenssvaret (som vil vere anonymisert) kan brukast til dette.

Tillet du at ditt eksamenssvar brukast til slikt formål?

Vel eit alternativ

- Ja
- Nei

Knytte handteikningar til denne oppgåva?

Bruk oppgåvekode:

XXXXXXXX

1 FIL104 H-19 oppgavetekst

Svar på 6 av følgjande 8 oppgåver.

Viss du svarer på fleire oppgåver enn 6 oppgåver, vil dette trekka karakteren ned. Kvart tilfredsstillande svar tel like mykje. Når det står «forklar kort» blir det forventa at du bruker frå ca 1 til 7 setningar på å svara.

Oppgåve 1: Eit argument har følgjande logiske form. Bevis at argumentet er logisk gyldig.

$(A \supset B)$

$(C \vee \sim B)$

$\sim C$

$\sim A$

Oppgave 2: Forklar kort kva ein tautologi er. Bevis i kva grad følgjande formel er ein tautologi:

$((A \supset B) \cdot (B \supset C)) \supset (A \supset C)$.

Oppgåve 3: Oversett til kvantifikasjonsteori:

Det finst minst éin filosof som er logikar.

Det finst ingen filosofar.

Viss du er glad, er alle filosofane glade.

Oppgåve 4: Forklar kort kva logisk gyldighet er. Kan eit logisk gyldig argument ha usann konklusjon?

Oppgåve 5: Oversedd følgjande setning til setningslogisk språk, og deretter til kvantifikasjonsteori:

Alle filosofar liker logikk.

Nokre filosofar er glade, berre viss alle filosofar liker logikk.

Oppgåve 6: Er følgjande argument logisk gyldig. Grunngi svaret ved å setja opp eit bevis.

Viss sola skinnar, så kjem vi på festen.

Viss vi kjem på festen, tar vi med salat.

Det er ikkje slik at vi tar med drikkevarer og salat på festen.

Sola skinnar.

Vi tar ikkje med drikkevarer på festen.

Oppgåve 7: Er følgjande argument logisk gyldig? Setja opp eit bevis og bruk Harry Genslers bevisprosedyre (Reductio ad absurdum).

Alle filosofar er logikarar.

Nokon er filosofar.

Nokon er logikarar.

Oppgåve 8: Reformuler følgjande definisjon, slik at den blir ein normativ definisjon

(stipulativ definisjon): «Analytisk setning» omtaler det same som «setning som er sjølvmotseiande å nekta for». Med utgangspunkt i denne definisjonen, vil du seia at setninga «Alle filosofar er filosofar» er ei analytisk setning?

Skriv svaret ditt her...

Format ▾ | ↶ | ↷ | ✎

Σ | ✕

Words: 0

Knytte handteikningar til denne oppgåva?
Bruk oppgåvekode:

XXXXXXXX